



Vidar Arnesen

E-post: vidar.arnesen@online.no

Dato: 05.05.2015  
Vår ref.: 2015/552-18  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Bruk av erstatningsbil for drosje m.m.

Me viser til vårt brev av 17.04.2015 og til e-post frå deg 20.04.2015.

I e-posten opplyser du at du er folkevald polititar i Fjell kommune med 30 prosent frikjøp. Vidare at du har køyrd reservedrosje, men at dette har vore ei utfordring og at du derfor har tilsett sjåfør på reservedrosjen. Du opplyser at du framleis køyrer innimellom, og at det vil vera vanskeleg å avvika erstatningsbilen. Du meiner at saka di må handsamast annleis enn tilsvarande saker hjå andre løyvehavarar, fordi du er folkevald polititar.

### Yrkestransportforskrifta § 48, tredje ledd

Du har vore løyvehavar sidan mai 1991. I drosjeverksemda di er det i dag totalt 3 drosjeløyve, 1 ordinært drosjeløyve R-548 og 2 reservedrosjeløyve R-919 og R-1045. Av AA-registeret går det fram at du har 4 tilsette sjåførar. Slik me forstår e-posten din køyrer du erstatningsbilen sjølv når du har tid til det, medan tilsette sjåførar køyrer bilane på dei tre løyva.

Det rettslege grunnlaget for brevet av 17.04.2015 er som nemnd yrkestransportforskrifta § 48, tredje ledd:

*«Er løyvehavers ordinære vogn som følge av skade eller reparasjon ute av drift, kan løyvehaver i stedet sette inn en annen vogn som fyller kravene i første og annet ledd. Bestemmelsene i § 13 gjelder tilsvarende for slik vogn.»*

Vilkåret for å nytta erstatningsbil er driftsstans på den ordinære drosjen som fylgje av «skade eller reparasjon». Regelverket er klår på dette punktet, noko óg departementet har understreka i sitt brev til Hordaland fylkeskommune 19.02.2015.

Regelverket opnar ikkje for at ein kan driva drosjeverksemd med fleire bilar enn det ein har løyve til. Dette gjeld for alle løyvehavar uavhengig av politiske verv eller bierverv.

Samferdselsavdelinga held fast på at frist for å avvika permanent erstatningsbil er 1. august 2015. Etter dette tidspunktet vil bruk av permanent erstatningsbil verta handsama som brot på regelverket.

### Anna erverv enn drosjeverksemd, yrkestransportforskrifta § 45

Ein ser av AA-registeret at du er tilsett som miljøassistent i stillingsstorleik 29,17 timar i Fjell kommune, i tillegg er du 30 prosent frikjøpt i samband med det politiske vervet. Du har vore tilsett som miljøassistent sidan 01.05.2012, dvs. samstundes som du har vore løyvehavar. Det går fram av yrkestransportforskrifta § 45 at

*«Den som innehar drosjeløyve, skal som hovedregel ikke ha annet hovedervert eller heldagsstilling. Når særlige grunner taler for det, kan løyvemyndigheten etter søknad gi samtykke til at drosjeyrket kombineres med annet hovedervert eller heldagsstilling.»*

Drosjeløyve er eit knappheitsgode ikkje alle kvalifiserte kan få, og forbodet mot å ha anna hovudervert i § 45 er eit sentralt vilkår for å inneha drosjeløyve. Som løyvehavar har du eit sjølvstendig ansvar for å setja deg inn i regelverket som gjeld for verksemda du driv.

Biervert utover drosjeverksemda kan ikkje overstiga 50 prosent stilling (18,75 t/v). Dette har departementet mellom anna presisert i brev av 24.06.2011 der det heiter at

*«Dersom løyvehaver har en stilling i en annen virksomhet som overstiger 50 prosent stillingsandel, vil dette anses som annet hovedervert uavhengig av inntektene i den andre virksomheten.»*

Biervert utover 50 prosent stilling krev skriftleg samtykke frå løyvestyresmakta etter søknad. Du har ikkje søkt om slikt samtykke. Ein nemner likevel at «særlege grunnar» typisk vil vera dersom samtykke til anna ervert kan oppretthalda drosjetilbodet på ein stad der det elles ikkje ville vore grunnlag for å driva med drosje på heiltid. Dette gjeld ikkje Bergen køyreområde.

Storleiken på miljøassistentstillinga di er 29,17 t/v, dvs. omlag 80 prosent stilling. Dette er brot på regelverket som kan gje grunn for tilbakekalling etter yrkestransportlova § 29. Me bed om dine kommentarar. Frist for kommentarar er **26. mai 2015**.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*